



Ei flott bukett SPAR-tilsette. (Foto: Ola M. Mathisen)

**SPAR Uskedalen var nok ein gang best på service i kundeundersøkinga som vart gjennomført i juni. Dette vert markert i morgon, fredag, då dei vil servere frukost og kake på kundane.**

Dagleg leiar ved SPAR Uskedalen, Bente Nilsen, seier at ho er både audmjuk, stolt og kry over resultatet. - Sjølv om vi har fleire sigrar før, er det ingen selvfølge at vi skal vinne. Det er knallhard konkurranse, men vi gjer vårt beste kvar dag for at kundane skal verta tilfredse. Eg er veldig stolt over den flotte innsatsen til dei tilsette. Samtlege av dei har sin del av æra for at vi er blitt tildelt denne heideren også i år. Ho seier vidare at undersøkinga er ein bekreftelse på at dei har lukkast, men ho lover at dei ikkje vil kvile på laurbæra. - Vi skal stå på framover for å verta endå betre!

Bente fortel at det vert servert frukost i morgon, fredag, frå kl.10.00 til kl. 12.00, og i tillegg må det sjølv sagt markerast med kake som vert servert utover dagen.

Driftleiar i SPAR, Johan Ringdal, seier at han er ikkje overraska over resultatet, for Uskedalsbutikken har verkeleg fått det til. - Dei er knallbra på service! Det er artig at dei vinn i år igjen, for konkurransen frå dei andre butikkane er knallhard. Det er veldig, veldig bra, og det er ein butikk vi i SPAR-kjeda er stolte av.

Resultata har og ei positiv utvikling. Det er faktisk ei forbetring frå vinnarresultata før om åra, og Ringdal seier at butikken har hatt ei flott totalutvikling etter utvidinga på forsommaren.

Vi gratulerer den gode butikken vår, og er sikker på at det vert ei trivleg markering imorgon, fredag!

Av: Thor Inge Døssland



Frå opninga av Nybutikken på forsommaren.(Foto: Ola M. Mathisen)